

## Referat fra FAU-møte

Dato: 12/10-2025      Tid: 19.00      Sted: kringlebotn Skole

### Tilstede:

- 1.trinn: Arne og Charlotte
- 2.trinn: Birte og Gunstein
- 3.trinn: Ingvild
- 4.trinn: Helena og Maria
- 5.trinn: Elisabeth
- 6.trinn: Marian
- 7.trinn: jannicke

### 1. Informasjon fra Rektor:

- a) **Lese og skriveprosjektet:** Skulen har inngått i eit 3 årig prosjekt-samarbeid med lese og skrivesenter på NTNU sammen med to andre barneskular i Bergen. Første møtet er no gjennomført, og rektor melder tilbake at lærarane kom tilbake med ny giv. Dei har no fått ulike ting å jobbe med fram til neste møte. For nærare informasjon om dette prosjektet; ta kontakt med rektor eller lærar på trinnet.
- b) **Morgonsamling:** Rektor ynskjer tilbakemelding på om det er passelig med morgonsamling kvar 2.veke. Lærarane gjev tilbakemelding om at dei er nøgd med ordninga, og tykkjer dei får meir tid til å lage eit godt og gjennomarbeidd opplegg. FAU diskuterer saken og er samstemde i at ein er svært glad i morgonsamlingane, men at samlinga i all hovudsak skal dekke eit pedagogisk formål. Om lærarane tykkjer 2.kvar fredag er nok, så stiller FAU seg bak dette.
- c) **“Nabokjerring-funksjon”:** Rektor er glad for at lokalsamfunnet i Kringlebotn held auge og øyrer opne for det som skjer på skulen utenfor skuletid; det være seg vindu som står opne, hærverk etc. Bergen kommune har en døgnbemannet vaktsentral som kan nåes på 55567815. Rektor er også tilgjengelig og er glad for dei telefonane han får. Fortsett med det!
- d) **Kartleggingsprøver:** Desse er no snart ferdig gjennomført på 3.trinn.
- e) **Akustikkplater:** Rektor skal i leigetakarmøte i begynnelsen av november og vil då ta dette opp. Byggerommet er eit rom som ikkje er godkjend for varig opphold, men som “byggerom” er det ideelt.
- f) **Sykelstativ:** Sykelstativ blei flytta til utenfor rektors kontor for å ha bedre kontroll på syklene. Rektor undersøker muligheten for å montere nokre fleire i sykkelskuret på nedsiden. Samtidig blir dette området i stor grad brukt av barn i leik på skulen og SFO. Usikker på om det er naudsynt.
- g) **Skulefoto:** Det har vore ein del klager på LIMA skulefotografering. Dei som er misnøgde, kan ta direkte kontakt med LIMA. Ein kan då få til ny fotografering. Til neste år bytter skulen til Norsk Skulefoto.
- h) **Refleks-aksjonen:** Elevrådet står bak refleksaksjon som starter i uke 46. Nærare informasjon kjem i Vigilo. 1.klasse får diverre ikkje med seg heim refleksvest frå skulen, grunna at “gratismateriellet” som er tilgjengelig er full i reklame. Dette får ein ikkje lov å dele ut, ifølge regelverket til Bergen kommune. Refleksane dei no går med på skule/SFO-tid, er blitt modifiserte for at reklamen ikkje skal visast. FAU tek dette til etterretning og undersøker mot våren om FAU skal sponse reflekser til neste år. FAU og rektor håper jamvel på at det blir stor oppslutning om aksjonen!

## 2) Godkjenning av referat:

Godkjent utan anmerkningar

## 3) Nye FAU:

Gjennomgang av medlemmer til nyankommere som ikkje var på sist møte, gjennomgang av dei ulike rollene i FAU.

4) **Lekseundersøkelse:** For å undersøkje føresettes haldningar og tankar kring lekser, kjem det til å komme ut ei undersøking om dette i løpet av dei neste månadane. Vær merksam på at ein ikkje skal skrive sensitive opplysningar i undersøkinga! Spørreskjema vil være anonymt, men ein ber likevel om at ein angir kva trinn bornet ditt går på.

## 5) Sosiale medier:

Tema for vårens FAU vil mest truleg bli bruken av sosiale medier/bruk av smart-telefoner/gaming. Som eit forarbeid til dette, vil det kome ut ei spørreundersøking som omhandlar dette også, i god tid før "julehandlinga". Midtun skule har gjort eit godt stykke arbeid på området. FAU vil undersøkje moglegheitene for å få nytte seg av noko av materiellet dei har utarbeida. Vi vil også undersøkje moglegheita for å få inn "Barnevakten" som foredragshaldere til vårens FAU. Dei har fått sær gode tilbakemeldingar hjå andre skular som har hatt dei inne.

## Saker som ein ynskjer rektor skal ta stilling til til neste møte:

- 1) **Akustikkplater:** Tilbakemelding frå leigetakarmøte. FAU meiner at sjølv om ikkje rommet er godkjend for varig opphald, bør born ha eit rom dei kan utfalde seg i relativt fritt, samstundes som det ikkje skal gå ut over hørselen til dei ansatte eller borna.
- 2) **Skaterampe:** Det er kome tilbakemeldingar fra elevar ved Kringlebotn at dei savnar skatepark/Skaterampe ved skolen, særskild gjeld dette dei høgare årsklassane. Er dette mogleg å få til på skulen sitt område?
- 3) **TV-bruk på SFO:** Det kjem til stadigheit tilbakemeldingar frå føresette om tilsynelatande mykje TV-kikking i SFO-tid. FAU ber om ei redgjøring for baktanken bak skjerm/TV-tid på SFO.

## Datoer for FAU-møter skuleåret 2025/26:

25.november

20.januar

10.mars

14.april (utgår om alt er i rute til foreldremøte/ingen innmeldte saker)

2.juni

Referent: Ingvild Nyre Knudsen, Kringlebotn, 14/10 2025.